

Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 31.07.2015
Vår ref.: 2015/7100-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 15/2535 – 15/23212

Varsel om kulturhistorisk synfaring - søknad om bygging av landbruksveg - bakkeplanering - Hope - gnr 126 bnr 2 og 4 - Lindås kommune

Viser til brev datert 02.07.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hope er rik på automatisk freda gravminne frå overgangen mellom bronsealder og jernalder og frå jernalder. Det ligg to gravfelt med gravrøyser og moglege rydningsrøyser på garden Hope (Askeladden id. 15787 og 72988). Det er også kjend fleire gravrøyser både like nord og like sør for garden (Askeladden id. 55188, 155066, 15788 og 99945).

Det aktuelle området har potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminne. Vegalternativet for landbruksveg som ligg ved søknaden er tenkt like sør for gravfelt med to gravrøyser og tre moglege rydningsrøyser (Askeladden id. 15787), og like nord for ei langrøys (Askeladden id. 72988). Dette kan medføre at kulturminna vert utilbørleg skjemma og dermed omfatta at kulturminnelova § 3. Vi finn det difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

David Aasen Sandved
fungerande fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.